



ØRSTA KOMMUNE

PROTOKOLL

Utval: Råd for likestilling av funksjonshemma
Møtestad: Ørstafjord Rådhuset
Dato: 04.09.2017
Møtet starta 14:00
Møtet slutta 17:30

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Høydal	Leiar	AP
Anne Grete Juliebø	Nestleiar	
Gerd Marianne Velle	Medlem	
Gunnar Gausdal	Medlem	
Toril Langlo	Medlem	

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roger Vartdal	Medlem	KRF
Magne J. Krumsvik	Medlem	FRP

Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Ingen vara møtte		

Frå administrasjonen møtte:

Namn	
Kristin Vik	Seksjonsleiar bu og habilitering/rådmann i møtet
Ingeborg M. Bjørneset	Politisk sekretariat

Anne Grete Juliebø vart valt til å skrive under protokollen saman med leiar

Sak nr	Tittel	Arkivsaknr
PS 28/17	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 29/17	Referat og meldingar	
RS 56/17	<i>Aktuelt om universell utforming 18.05.17</i>	2017/144
RS 57/17	<i>Aktuelt om universell utforming 31.05.17</i>	2017/144
RS 58/17	<i>Aktuelt om universell utforming 30.06.17</i>	2017/144
RS 59/17	<i>Aktuelt om universell utforming 11.08.17</i>	2017/144
RS 60/17	<i>Aktuelt om universell utforming 18.08.17</i>	2017/144
RS 61/17	<i>Aktuelt om universell utforming 24.08.17</i>	2017/144
RS 62/17	<i>Ørsta - Kommunedelplan (sektor / tematisk) for Offentleg ettersyn</i>	2014/1310
RS 63/17	<i>Detaljreguleringsplan for naust og rorbu på Leira - offentlig ettersyn</i>	2015/688
RS 64/17	<i>Protokoll frå fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma 01.06.17</i>	2017/1
RS 65/17	<i>Formidlingskoordinator i skulane</i>	2017/1
RS 66/17	<i>Om universell utforming retta mot hørsel for born og ungdom i ørstaskulane</i>	2017/1
RS 67/17	<i>Svar på høyringsuttale - koordinerande einingar, individuell plan og koordinator i Møre og Romsdal - Handlingsplan</i>	2017/1
RS 68/17	<i>Klagerett råd for likestilling av funksjonshemma - vurdering</i>	2017/508
RS 69/17	<i>Invitasjon til å delta i prosjektgruppe for Bustadsosial handlingsplan</i>	2017/1
RS 70/17	<i>Ombud mener at BPA-ordningen ikke følges godt nok opp</i>	2017/1
RS 71/17	<i>Baderampe på Vatnevatnet - frå heimesida til Ørsta kommune</i>	2017/1
RS 72/17	<i>Nytt toalett på Rjåneset - artikkel frå Møre-Nytt</i>	2017/1
RS 73/17	<i>Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av nærmiljøanlegget Vikemarka klatrepark ved Vikemarka skule</i>	2017/1532
RS 74/17	<i>Vedtak - Renovering av kinosal på kulturhuset, budsjettendring</i>	2014/2129
PS 30/17	Økonomiplan 2018 - 2021, administrativt framlegg pr. juli 2017 - drøfting	2017/1500
PS 31/17	Kurs for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsemne	2017/1
PS 32/17	Innspel til søknad for midlar til trafikktryggingstiltak (50/50-midlar)	2017/1567
PS 33/17	Parkeringsstilhøva ved Ivar Aasen-tunet, Nynorsk kultursenter	

Orienteringar:

- Brukarundersøking innan helse og omsorg - presentasjon av resultat, v/Ingeborg Bjørneset, systemansvarleg
- Velferdsteknologi – kvar er Ørsta, v/Sylvi Romestrand, seksjon helse og omsorg

PS 28/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

Handsaminga (5 r.f.)

Innkallinga vart godkjent utan merknad

Saklista vart godkjent med merknad og tilleggssak PS 33/17

- Idéheftet «Fra utenforskap til inkludering» vart delt ut i møtet
- «Opptappingsplan for habilitering og rehabilitering» vart delt ut i møtet

Informasjon i møtet:

Kristin Vik, seksjonsleiar bu og habilitering, orienterar om økonomisk oversikt etter konferansen om universell utforming i mars, og om prosjekt om uteområde ved Bakk-Ola-marka.

Leiar fremja ønskje om å ta opp ei tilleggssak:

Parkeringstilhøva ved Ivar Aasen-tunet, Nynorsk kultursenter. Saka får saksnummer PS 33/17

PS 29/17 Referat og meldingar

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

Handsaminga (5 r.f.)

Referat og meldingar vart refererte med merknadar

- RS 56/17 Aktuelt om universell utforming 18.05.17
RS 57/17 Aktuelt om universell utforming 31.05.17
RS 58/17 Aktuelt om universell utforming 30.06.17
RS 59/17 Aktuelt om universell utforming 11.08.17
RS 60/17 Aktuelt om universell utforming 18.08.17
RS 61/17 Aktuelt om universell utforming 24.08.17
RS 62/17 Ørsta - Kommunedelplan (sektor / tematisk) for Offentleg ettersyn
- *Jostein Mo, rådgjevar kultur og fritid, orienterte om kulturminneplanen og svarte på spørsmål.*
 - *Råd for likestilling av funksjonshemma (RFF) har følgjande merknadar til planen:*
 - o *Eigarar av kulturminner må bli informert om at når ein opnar for besøk for folk generelt så må tiltak om universell utforming med.*
 - o *Miljøverndepartementet utarbeidde i 2010 ein plan for kulturminnevern og universell utforming. RFF kan ikkje sjå at det er nemnt i planen som er framlagt.*
 - *RFF ber om at følgjande vert teke med i planen:*
 - o *Fontena frå 1937*
 - o *Jordkjellaren på Simahaugen*
 - o *Bogestødene (2 stk.) på Hellehornet*
- RS 63/17 Detaljreguleringsplan for naust og rorbu på Leira - offentlig ettersyn
- *Råd for likestilling av funksjonshemma ber om at universell utforming vert lagt til grunn i vidare planlegging.*
- RS 64/17 Protokoll frå fylkesrådet for likestilling av funksjonshemma 01.06.17
RS 65/17 Formidlingskoordinator i skulane
- *Anne Grete Juliebø orienterte om saka*
- RS 66/17 Om universell utforming retta mot hørsel for born og ungdom i ørstaskulane
- *Administrasjonen vert bedt om å sjekke kvar saka står i dag. Det hastar å få gjort noko.*
- RS 67/17 Svar på høyringsuttale - koordinerande einingar, individuell plan og koordinator i Møre og Romsdal - Handlingsplan
RS 68/17 Klagerett råd for likestilling av funksjonshemma – vurdering
- *Leiar og nestleiar får fullmakt til å skrive og sende ein kommentar på denne saka*
- RS 69/17 Invitasjon til å delta i prosjektgruppe for Bustadsosial handlingsplan
- *Eitt medlem frå råd for likestilling av funksjonshemma er invitert til å vere med i prosjektgruppe for Bustadsosial handlingsplan.*
 - o *Gerd-Marianne Velle får i oppdrag å be NFF om å velje eit medlem som skal representere RFF i denne prosjektgruppa. Anne Grete Juliebø stiller som vara.*
- RS 70/17 Ombud mener at BPA-ordningen ikke følges godt nok opp
- *Kristin Vik, seksjonsleiar bu og habilitering, orienterte kort om internkontrollrutiner for BPA i Ørsta. Retningsliner vert sendt ut til medlema.*
 - *RFF ønskjer orientering om status for BPA i neste møte*
- RS 71/17 Baderampe på Vatnevatnet - frå heimesida til Ørsta kommune
- *Råd for likestilling av funksjonshemma har følgjande merknad:*
 - o *Det er ønskeleg at det vert merka opp ein parkeringsplass for handikappa ved Vatnevatnet.*
 - o *Det bør verte mogleg å kome seg ned til vatnet ved Rjånes også*

RS 72/17 Nytt toalett på Rjåneset - artikkel frå Møre-Nytt

- *Plassen utanfor toalettbygget er asfaltert, og det er ikkje lenger problem for rullestolbrukarar å kome seg inn.*

RS 73/17 Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av nærmiljøanlegget Vikemarka klatrepark ved Vikemarka skule

- *Jostein Mo, rådgjevar kultur og fritid, orienterte om saka, og svarte på spørsmål.*
- *Leiar informerte om heftet «Lekeplassen for alle» frå Deltasenteret.*
- *Råd for likestilling av funksjonshemma (RFF) har følgjande merknad til saka:*
 - o *Leikeplassen må vere for alle. Skog må fjernast med tanke på allergi og lys.*
 - o *RFF viser til vegleiar frå Deltasenteret (2004)*
 - o *Solveig Dahle sine lysark frå konferansen i mars vert oversendt*

RS 74/17 Vedtak - Renovering av kinosal på kulturhuset, budsjettendring

- *Råd for likestilling av funksjonshemma (RFF) har følgjande merknad til saka:*
 - o *RFF viser til at planen ikkje lenger inneheld tilgang til scena som først var skissert. RFF synest at det er leit at universell utforming blir tatt ut. RFF rår til at det vert løyvd midlar til ei ordning.*
 - o *I det vidare arbeidet med Kulturhuset for 2018 må handikaptoalett prioriterast*

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

VEDTAK:

- Godt oppsett og lett å forstå
- Flytting av HBO til gamle legesenteret må bli prioritert i 2018 for å få effektiv drift av nye omsorgsbustadane, og lage plass til fleire bebuarar på Ørstaheimen
- Ørsta Kulturhus må få styrka løyving til å omfatte renovering/handikoptoalett 2018, og midlertidig løysing på tilgang til scena for rørslehindra
- Under overskrifta «Sentrumsutvikling og samferdsel», s. 5 i økonomiplanen: legge til ordet «institusjonar» i siste setning. Setninga vert då:
*«Strategi for å lukkast er mellom anna å legge til rette for ein aktiv livsstil gjennom å planlegge for samanhengande gang og sykkelstiar som bind saman sentrum og bustadområde, skular og barnehagar, **institusjonar** og friluftsområde.»*

Handsaminga (5 r.f.)

Råd for likestilling av funksjonshemma kom med følgjande fellesframlegg:

- Godt oppsett og lett å forstå
- Flytting av HBO til gamle legesenteret må bli prioritert i 2018 for å få effektiv drift av nye omsorgsbustadane, og lage plass til fleire bebuarar på Ørstaheimen
- Ørsta Kulturhus må få styrka løyving til å omfatte renovering/handikoptoalett 2018, og midlertidig løysing på tilgang til scena for rørslehindra
- Under overskrifta «Sentrumsutvikling og samferdsel», s. 5 i økonomiplanen: legge til ordet «institusjonar» i siste setning. Setninga vert då:
*«Strategi for å lukkast er mellom anna å legge til rette for ein aktiv livsstil gjennom å planlegge for samanhengande gang og sykkelstiar som bind saman sentrum og bustadområde, skular og barnehagar, **institusjonar** og friluftsområde.»*

Framlegget vart vedteke med 5 mot 0 røyster

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding

PS 31/17 Kurs for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

VEDTAK:

Råd for likestilling av funksjonshemma melder på fire stk. (Gunnar Gausdal, Gerd-Marianne Velle, Anne-Grete Juliebø og Karen Høydal) til «kurs for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne», med det føremål at alle medlemane skal få likelydande opplæring i rådsarbeid.

Tilbod om kurs vert sendt til Magne J. Krumsvik og Roger Vartdal også, som eit tilbod om oppfrisking av kunnskapar.

Medlema reiser dagen før (14.11), og tek ei overnatting på hotell.

Handsaminga (5 r.f.)

Toril Langlo fremja forslag om å gi tilbod om kurs til Magne J. Krumsvik og Roger Vartdal også, som eit tilbod om oppfrisking av kunnskapar.

Leiar fremja forslag om å reise til Førde dagen før, og ta ei overnatting på hotell framfor å køyre fram og tilbake same dag.

Det vart røysta over forslaga kvar for seg:

Tilråding til vedtak vart vedteke med 5 mot 0 røyster

Toril Langlo sitt forslag vart vedteke med 5 mot 0 røyster

Leiar sitt forslag vart vedteke med 5 mot 0 røyster

Politisk sekretariat sender inn påmelding, og bestiller hotellrom.

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Råd for likestilling av funksjonshemma melder på fire stk. (Gunnar Gausdal, Gerd-Marianne Velle, Anne-Grete Juliebø og Karen Høydal) til «kurs for eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne», med det føremål at alle medlemane skal få likelydande opplæring i rådsarbeid.

PS 32/17 Innspel til søknad for midlar til trafikktryggingstiltak (50/50-midlar)

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

INNSPEL/VEDTAK:

- Generell tilrettelegging skilting frå institusjonar til butikkar
- Krysset Dalevegen/Anders Hovden sikringstiltak/gangfelt (to)
- Gatelys langs Vikelva gangvegen frå Håkonsgate/Olavsgate
- Storebakken – fortau
- Fonnavegen – fortau
- Gangbane i Vikegata må vere samanhengande med heller (fjerning av brustein)
- Sjøgata/Webjørn Svendsengate fortau på begge sider – fjerning av kantstein
- Parkeringsplassen ved minibanken i Vikegate
- Oppmåling av parkeringsplassar – fleste har feil mål 4,5 x 6m

Handsaminga (5 r.f.)

Råd for likestilling av funksjonshemma har følgjande innspel til trafikktryggingssplanen:

- Generell tilrettelegging skilting frå institusjonar til butikkar
- Krysset Dalevegen/Anders Hovden sikringstiltak/gangfelt (to)
- Gatelys langs Vikelva gangvegen frå Håkonsgate/Olavsgate
- Storebakken – fortau
- Fonnavegen – fortau
- Gangbane i Vikegata må vere samanhengande med heller (fjerning av brustein)
- Sjøgata/Webjørn Svendsengate fortau på begge sider – fjerning av kantstein
- Parkeringsplassen ved minibanken i Vikegate
- Oppmåling av parkeringsplassar – fleste har feil mål 4,5 x 6m

Innspelet vart vedteke med 5 mot 0 røyster

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan tilråding

PS 33/17 Parkeringstilhøva ved Ivar Aasen-tunet, Nynorsk kultursenter

Saksprotokoll i råd for likestilling av funksjonshemma - 04.09.2017

VEDTAK:

Parkeringsforholda generelt og for rørslehindra spesielt er svært vanskeleg. Mange nyttar ikkje senteret fordi parkering er vanskeleg, og informasjon om at ein kan køyre til inngangen manglar.

Men ved inngangen er grunnlaget for skrått. Ein plass er merka for handikap og det er for lite jf. totale talet på plassar.

Vi har erfart at ved arrangement er parkering for handikap v/inngangen dekkja med bord og stolar.

RFF ber om at parkeringsforholda ved Ivar Aasen-tunet blir vurdert og utbetra.

Handsaminga (5 r.f.)

Leiar har fått henvendingar som gjeld parkeringstilhøva ved Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda, og fremja forslag om at råd for likestilling av funksjonshemma (RFF) lagar ein uttale:

Parkeringsforholda generelt og for rørslehindra spesielt er svært vanskeleg. Mange nyttar ikkje senteret fordi parkering er vanskeleg, og informasjon om at ein kan køyre til inngangen manglar.

Men ved inngangen er grunnlaget for skrått. Ein plass er merka for handikap og det er for lite jf. totale talet på plassar.

Vi har erfart at ved arrangement er parkering for handikap v/inngangen dekkja med bord og stolar.

RFF ber om at parkeringsforholda ved Ivar Aasen-tunet blir vurdert og utbetra.

Leiar sitt forslag vart vedteke med 5 mot 0 røyster